



Bruk stemmeretten ved  
valet 9. september  
**Stem**  
**Arbeiderpartiet!**

## Valliste Bokn Arbeidarparti



1. Ordførarkandidat  
Kyrre  
Lindanger



2. Varaordførarkand.  
Lillian  
Grønnestad



3. Lars Øyvind  
Alvestad



4. Rannveig Foss  
Øvrebø



5. Kaj Arne  
Christiansen



6. Rakel Jansen  
Alvestad



7. Odd Kenneth  
Tollaksen



8. Christine Berge  
Christiansen



9. Eline  
Øvrebø



10. Ingrid  
Kallevik



11. Anne  
Løvereide Faye



12. Suzanna  
Ufnal



Bokn Arbeidarparti  
**Valprogram**  
**2019-2023**



# Bokn Arbeidarparti

## Program 2019-2023

### KJÆRE VELGAR!

For nokre år sidan stemte eit stort fleirtal av boknarane for å halda fram som eigen kommune. Bokn Arbeidarparti tek folkeviljen på alvor, og meiner at å rå i eige reir gjer beste grunnlag for trivsel, vekst og utvikling. Difor slår me ring om Bokn som eigen kommune også i framtida. Dette krev engasjement og at me står saman om å løyse dei utfordringane som ligg framføre oss. Eit realistisk grunnlag for å halda fram som eigen kommune krev dessutan ei ansvarleg og bærekraftig drift av kommunen. Me har lagt bak oss nokre år med store og nødvendige investeringar i bygda. Bokn Arbeidarparti meiner den viktigaste jobben framover er å auke folketalet og talet på arbeidsplassar i Bokn. Dette krev ein synleg, aktiv ordførar som også er til stades.

Bokn Arbeidarparti sin ordførarkandidat og listekandidatar stiller opp med dette engasjementet for Bokn og ber om di støtte.

### HELSE, OPPVEKST- OG SKULE

Ein god barndom varer heile livet. Barn har rett på ein trygg og god oppvekst der dei blir styrka til å møte og meistra oppgåvene i livet. Oppveksten skal gi barn og ungdom kompetanse til å ta hand om seg sjølv og livet sitt og vilje og glede til å vera til hjelp for andre. I tett samarbeid med skule, barnehage og helsestasjon og gjennom helsefremjande og førebyggjande arbeid, vil me halda fokus på fysisk og psykisk helse og sosiale forhold. Slik vil me auka sjansen for å få boknaungdommen til å busetja seg i bygda.

#### Bokn Arbeidarparti vil:

- bygga ny skule
- innføra gratis skulemåltid med fokus på lokale råvarer- og matrettar dømesvis i samarbeid med frivillige lag- og organisasjonar, skuleelevar, sanitetsforeininga, dagsenteret med fleire.
- oppretthalda og vidareføra satsinga på ein digital skule
- prioritera, forsterka og forankra MOT-arbeidet i Bokn
- SFO må bli ein aktivitetsskule med klare krav til innhald og pris, samstundes som ein opprettheld fleksibiliteten.
- innføra ein bemanningsnorm som gjennom heile dagen sikrar nok vaksne med relevant kompetanse i barnehagen.
- prioritera førebyggjande arbeid og utvikla samarbeidet med heimen
- tilsetja barne- og ungdomsarbeidar
- innføra tilbod om psykologisk fyrstehjelp i barnehagen og skulen
- vidareutvikla samarbeidet mellom Bokn og Karmøy om jordmortenesta
- innføre fleire timar med symjeopplæring i grunnskulen

### PLEIE- OG OMSORG

Eldre på Bokn skal ha ein verdig alderdom, der det blir lagt til rette for at den enkelte kan bu i eigen heim så lenge som mogleg. Dei må motiverast til å bruka eigne ressursar for å planlegga alderdom med tilpassingar i eigen bustad. Samstundes vil Bokn Arbeidarparti jobba for å gi dei eldste boknarane aktive og innhaldsrike liv.

#### Bokn Arbeidarparti vil:

- ha auka fokus på tannhelse til dei eldre og søkja løysingar for eit lokalt tannhelse-tilbod
- jobba for å få tannhelsetenesta tilbake til Bokn
- skapa nye møteplassar for dei eldre i Bokn, med eit spesielt fokus på eldre menn
- leggja meir vekt på førebyggjande helsearbeid og tilrettelegging i heimen, inkludert auka bruk av ergoterapeut og fysioterapeut.
- ta i bruk teknologi i heimebaserte tenester for å betra tilhøva for dei som vil bu heime lenger.
- sikra kompetansebygging innan aldersrelaterte fagfelt, dømesvis demens, kvardagsmeistring og rehabilitering.
- styrka det psykiske helsetilbodet til eldre. Dette inkluderer kurs i depresjonsmeistring (KID-kurs) for eldre, angstmeistringskurs og livsmeistringskurs.
- tilby kurs for å gi opplæring og støtte som trengs for at eldre, og andre grupper, kan meistra ein digital kvardag.

### KULTUR OG FRITID

Frivillig organisasjonsliv, kunst, kultur og idrett gjer samfunnet mangfaldig og rikt, og er viktig for folks livskvalitet, identitet og utvikling. Frivilligheita har stor plass og gir ein stor meirverdi for kommunen. Det at folk engasjerer seg og tar ansvar i nærmiljøet, bidrar til å førebyggje einsemd og byggjer fellesskap.

#### Bokn Arbeidarparti vil:

- at Kyrkjebygd Kulturhus skal vera i kommunalt eige og skal vidareutviklast som treffstad for barn, unge og eldre ved å leggja opp til meir aktivitet.
- skapa møteplass mellom generasjonane ved å oppretta ein fellesverkstad på Kyrkjebygd Kulturhus for barn og eldre i samarbeid med Bokn skule, dagsenteret og frivillige lag- og organisasjonar som dømesvis Bokn Gatebilkubb.
- formalisera drifta av Bokn Arena med kommunalt lønna, dagleg leiar med ansvar for drift etter kommunale reglement- og retningslinjer.
- ta ut meir ut av inntekspotensialet i drifta av Bokn Arena.
- vidareføra open hall i Bokn Arena og slik leggja til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet for barn og unge.
- oppretta ein kommunal informasjonskanal som erstatning for det nedlagte Bokn Bygdablad.
- tilby Aktivitetskort for barn og unge i Bokn kommune. Aktivitetskort er eit tilbod til barn og unge som lever i familiar der økonomien hindrar deltaking i fritidsaktiviteter. Kortet skal gjera det lettare for fleire barn og unge å delta på viktige sosiale arenaer, uavhengig av foreldrenes økonomiske og sosiale situasjon.

### NÆRINGS LIV OG KOMMUNIKASJON

Bokn Arbeidarparti skal støtta og stimulera til eit sterkt og framtidsretta næringsliv som gir arbeidsplassar og legg grunnlaget for ein attraktiv og god kommune å bu i. Bokn Arbeidarparti vil jobba for å behalda og tryggja eksisterande arbeidsplassar og vera positiv til nye forretningsidear. Målet er å utvikla ein breiare og meir solid næringsstruktur i kommunen og slik leggja grunnlag for at unge menneske vil bu og jobba i kommunen.

#### Bokn Arbeidarparti vil:

- jobba for at NAV skal ha kontordag i Bokn
- tilby lærlingeplassar i Bokn kommune
- jobba for fleire heiltdsstillingar og styrka fortrinnsretten til auka stilling i kommunen
- starta opp utbygging av tofelts veg, med sykkel- og gangveg, frå Plattingen til E39.
- starta opp utbygging av tofelts veg, med sykkel- og gangveg, frå Bokn Arena til Holmen i Føresvik.
- at kommunen fylgjer opp strategi for tilbakekjøp av næringsstomter som ikkje blir utbygd.
- jobba for å få lokalbusstakst på Kystbussen.
- leggja til rette for sykkel- og gangveg frå Austre Bokn til Frekasundet bru

### NÆRMILJØ OG BÆREKRAFT

Miljø- og klimautfordringar er vår tids viktigaste sak. Skal me oppnå dei globale målsetjingane, må me handla regionalt og lokalt. Bokn Arbeidarparti meiner at kommunen må bli klimanøytral. Dette betyr at me må syte for at klimaeffekten av aktiviteten blir den same som om aktiviteten ikkje hadde funne stad. Samstundes vil Bokn Arbeidarparti vera pådrivar for å få fleire til å busetja seg i Bokn, og ein vil leggja til rette for best moglege tenester for innbyggjarane.

#### Bokn Arbeidarparti vil:

- oppretthalda ordninga med startlån til unge fyrstegangsetablerarar
- ikkje ha eigedomsskatt på bustad
- prioritera arbeidet med å utarbeida, og realisera, sentrumsplan for Føresvik
- etablara ein langsiktig plan for jordvern
- utplassering av posestasjonar for plukking av søppel i strandsona
- revidera klima- og miljøplan for Bokn
- jobba for at Bokn kommune blir plastfri
- leggja til rette for etablering av hurtigladar for el-bil i Bokn
- at alle kommunale kjøretøy skal fasast over til miljøvennlege alternativ, el-bil/hybrid.

**Bokn Arbeidarparti vil ha eit sterkt og solidarisk lokalsamfunn, med eit felles ansvar for trivsel, vekst og utvikling. Alle skal med!**

**Bruk stemmeretten ved valet 9. september. Stem på Arbeidarpartiet!**